

## Innkalling til møte i Skulemiljøutvalet (SMU) ved Norane skule

**Dato: 27.02.24**

**Tidspunkt: 19.30-20.15**

Desse møtte: Siv Kristin Torvund, leiar, Rune Haug, politisk representant, Sissel Aina Vatnamot Åberge, vara tilsette skule, Arne Venes, foreldrerepresentant, Anne Siri Bentsen, skrivar, Jorunn Slinde, leiar Elevrådet.

Forfall: Sander Solberg, nestleiar Elevrådet, Malin Dyrdal Lysne, ekstra elevrepresentant frå Elevrådet i Skulemiljøutvalet.

### Sakliste:

#### 3/23-24 Elevundersøkinga [pp Elevundersøkinga.pptx \(sharepoint.com\)](#)

Gjennomgang av resultat i Elevundersøkinga for skulen. Tendensen over tid er stabil og me har eit godt resultat. Undersøkinga er presentert for elvane i 5.-7.klasse, samt Elevrådet.

Jorunn Slinde, leiar elevrådet seier at klassen har jobba særskilt med tema som arbeidsro og reglar på fotballbana. Det vert jobba vidare med blant anna tema som fagleg ajourføring, vurdering. I tillegg har elvane medverka i å velje ut aktivitetar i samband med eit innefriminutt.

#### 4/23-24 Trivselleiarskule/SFO - skuleåret 2024-2025

[Informasjon om Trivselsprogrammet | Trivselsleder](#)

Det er to lærarar som vil få særskilt ansvar for å følgje opp Trivselsprogrammet på skulen. Elevar vil få kursing i det å vere Trivselsleiarar. Skulen har meldt seg på saman med Leikanger barneskule og vil samarbeide med dei. Tilsette vil delta på fleire webinar/kurs i løpet av våren.

#### 5/23-24 Skuleåret 2024-2025

Elevtalet aukar på Norane grunna tilflytting og at det er fleire skulestartarar som begynner enn tal 7. klassingar som begynner på ungdomsskulen.

[Skuleåret 2024-2025](#)

#### 6/23-24 Førebygging av vald og seksuell overgrep mot barn og unge

Sogndal kommune arbeider for å sikre at det vert jobba betre i skule og barnehage i forhold til å førebygge vald og seksuelle overgrep mot barn og unge. Dette er eit politisk forankra arbeid. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som har fått særskilt ansvar for vidareutvikling av arbeidet. (Norane, Sagatun, rådgjevar oppvekst Randi Midtgård, helsesjuepleiar). (Blant anna skal me jobbe med Hjartesamling i alle barnehagane i kommune). På skulane er det i tillegg til undervisning av lærarar og helsesjuepleiar undervisning/samling for mellomtrinnet der NOK (tidlegare SMISO: Senter mot Incest og seksuelle

overgrep) står for undervisninga. [Nok.Sogn og Fjordane – Ingen skal bli utsett for seksuelle overgrep \(noksognogfjordane.no\)](http://Nok.SognogFjordane.no)

Referent: Anne Siri Bentsen